

Radøy kommune
Krossvegen 8

5936 MANGER

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 14/10483
Dykkar referanse: 14/276-14/6477
Vår dato: 01.10.2014
Dykkar dato: 13.06.2014

Att: Kjersti Flatråker

Elektronisk post

RADØY KOMMUNE HORDALAND - KOMMUNEPLAN FOR RADØY, MELDING OM OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM - UTTALE

Vi viser til brev av 13.06.2014 frå Radøy kommune med melding om oppstart av delrevisjon av kommuneplanen og framlegg til planprogram.

Om planprogrammet

Ifølgje planprogram vil ein ved revisjon av planen fokusere på følgjande område:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde bustadeigedomar i LNF, kulturminne, havområda.
- Strandsone, byggjegrænse mot sjø, arealføremål i sjø og havområda.
- Heilårsbustader i LNF, frådelt eigeidomar med eksisterande heilårsbustader.

I plankartet vil strandsone, byggjegrænse og havområda ha fokus, og i tillegg skal føresegnene skrivast om slik at dei er konsistente og føl kartet.

I kyst- og strandsona skal ein bla.a. leggje vekt på funksjonell strandsone og omsyn til samspelet mellom arealbruk i sjø og på land. Nye tiltak i sjø, trong for småbåthamner og naustområde vil og verte vurdert.

Kommunedelplan for Manger og kommunedelplan for Radøy sør, som er teke med i gjeldande kommuneplan, vart utforma etter tidlegare plan- og bygningslov. Dette har ført til at arealføremål i sjø i kommuneplanen ikkje er konsistent, og dette skal rettast opp under revisjonen.

Fiskeridirektoratet region vest meiner at planprogrammet er godt disponert og gjev god oversikt over hovudtema og målsettingar ved rullering av planen. Før vi går vidare med å definere kva som er Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga, og kva forventingar vi har til revisjon av planen, vil vi gjere greie

for kva fiskeri- og akvakulturinteresser som knyter seg til sjøområda i kommunen og kommentere arealbruken i gjeldande plan.

Fiskeri- og akvakulturinteresser i sjøområda

Fiskeriinteresser:

Det er i hovudsak fiske med tradisjonelle reiskap som garn, line, ruse og teine, men det går det også føre seg fiske med kystnot, i hovudsak er dette fiske etter sei. Fiskeridirektoratet har ikkje konkret fangststatistikk for fjordområda og vi må derfor basere oss på informasjon som vi får gjennom dialog med næringa. Sjølv om talet på kystfiskarar har gått mykje tilbake dei seinare åra er sjøområda på vestsida og nordsida av Radøy framleis av verdi for næringsmessig kystfiske. Det går også føre seg eit omfattande fritidsfiske og dette fisket har auka i samband med aukande utbygging av hytter og fritidsbustader dei seinare åra. Det er etablert fleire rorbuerksemder i Nordhordlandsregionen som baserer seg på utleige for fritids- og turistfiske, og særleg i sommarhalvåret er det stort innslag av fritids- og turistfiskarar.

Akvakulturinteresser:

Innafor sjøområda i Radøy er det gjeve løyve til matfiskoppdrett av laks og aure ved i alt 8 lokalitetar som alle ligg på vestsida. Det er i tillegg gjeve løyve til dyrking av skaldyr ved ein lokalitet i Toskasundet. Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelser, vil spele stor rolle når det gjeld næringa si trong til areal. Eit døme på dette er overgangen frå kompakte stålanlegg til plastringanlegg som generelt krev meir plass i overflata. Akvakulturnæringa i Radøy har likeeins, som i andre kommunar, vore igjennom ei omstrukturering på eigarskapsida.

Fiskeridirektoratet si rolle og ansvar i arealplanlegginga

Fiskeristyresmaktene er ansvarlig for forvaltninga av dei levande marine ressursane, fiskerinæringa og kontroll med akvakulturnæringa. Fiskeridirektoratet sine regionar skal ta vare på desse interessene i det regionale og lokale planarbeidet. Planansvarleg, i dette tilfelle kommunen, har plikt etter Plan- og bygningslova å legge til rette for medverknad, mens Fiskeridirektoratet sine regionkontor har plikt til å delta. Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.

Fiske som føremål i arealplanen

Alt fiske i sjøen vert regulert under Havressurslova med unnatak av fiske etter villaks som vert regulert under Lakselova. I planlegging etter Plan- og bygningslova er det § 11-7 nr. 6 *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone* som nyttast for å fastsetje arealbruk for fiske i sjøområda. "Fiske" er definert blant underføremåla i § 11-7 nr. 6 og kan enten nyttast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre arealbruksføremåla som er definert

under § 11-7 nr. 6. Vi gjer merksam på at "fiske", ikkje kan deles vidare inn i underkategoriar som t.d. "garnfelt", "linefelt" "låssettingsplass", men skal synast som føremål "fiske" på plankartet, enten som ein-kategori område, eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei andre underføremåla i § 11-7 nr. 6. Med heimel i § 11-11 *Bestemmelser til arealformål etter § 11-7 nr. 5 og 6* er det høve til å lage ei eiga forskrift til bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn der fiske likevel kan definerast nærare dersom det er trong for det.

På generelt grunnlag ber vi kommunen om å leggje til rette for at fiske kan gå føre seg utan at anna arealbruk kjem til hinder for dette. Fiske kan i mange høve kombinerast med annan type arealbruk, men i einskilde sjøområde kan faste installasjonar som t.d. flytebyggjer, akvakulturanlegg og fortøyingssystem kome til hinder for fiskeri. Konfliktpotensial med anna arealbruk må derfor vurderast på bakgrunn av kva type fiske som går føre seg i området. Primært ber vi om at sjøområde som definerast som viktige for fiskeri, og der anna arealbruk vil kome til hinder for reiskapsbruk, vert satt av med ein-kategori føremål "fiske". Typiske eksempel på slike område er viktige *låssettingsplassar* og sjøområde med stor verdi tilknyta fiske med *aktive fiskereiskap* som t.d. trålfelt. Viktige område for fiskeri definerar vi som fangst- og oppbevaringsområde som vert rekna å ha stor bruksverdi for fiskeflåten utover dei som er heimehøyrande i kommunen. I sjøområda kor anna arealbruk i hovudsak ikkje kjem til hinder for fiske, kan fiske kombinerast med ein eller fleir av dei andre arealføremåla som er definert under § 11-7 nr. 6.

Kommuneplanen vart sist rullert 2008-2011 og sjøområda som er satt av for fiske i gjeldande plan er etter vår vurdering tilstrekkeleg for å ivareta næringens interesser. Vi understreker at alle spørsmål om justering av fiskeområde eller endring av arealbruk, må kommunen ta opp gjennom dialog med fiskarane sine interesseorganisasjonar.

Akvakultur som føremål i arealplanen

Akvakulturverksemd vert regulert under Akvakulturlova og eit av vilkåra som må være oppfylde ved tildeling av løyve til akvakultur, er at tiltaket ikkje er i strid med vedteke arealplanar eller vernetiltak. I Plan- og bygningslova er akvakultur definert blant føremåla under § 11-7 nr. 6 "*Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner*". Akvakultur nyttast som føremål i arealplanen innafor område kor kommunen kan tillate etablering av akvakultur. Akvakultur kan enten nyttast som føremål aleine, eller i kombinasjon med ein eller fleir av dei andre føremåla som er definert under § 11-7 nr. 6. § 11-11 nr. 3 gjev heimel for å lage føresegner til korleis akvakultur kan etablerast på overflata, i vassøyla og på botnen, og vidare har kommunen høve til å lage føresegner om kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskildvis eller i kombinasjon kan etablerast jf § 11-11 nr. 7.

Tildelingsmynde for akvakultur er frå 1.1.2010 lagt til fylkeskommunane og tilsvarande er retten til å fremme motsegn til arealplanar på vegne av akvakulturinteressene overført til fylkeskommunane frå same dato. Overføringa av forvaltningsoppgåver til fylkeskommunane fratar likevel ikkje Fiskeridirektoratet sitt

ansvar for å ivareta akvakulturnæringens interesser i samband med kommunen sin arealplanlegging. Fiskeridirektoratet er sektormyndt som skal ta vare på nasjonale akvakulturinteresser og vi vil framleis kome med innspel til kommunen sin arealplan.

Arealbruk på overflata, i vassøyla og på sjøbotn:

Anlegg i overflata med fortøyingsystem gjennom vassøyla til festepunkt på botnen vert å rekne som akvakultur og skal derfor medrekast i arealplanen. Lengda på fortøyingsystem vil avhenge av djupnetilhøve og topografi på botnen. Det er fleire eksempel på fortøyingsystem som strekk seg fleire kilometer frå anlegget i overflata, men som generell regel kan ein rekne at lengda på fortøyingsystema minimum vert 2 ½ gonge djupna under anlegget. Konfliktpotensial med anna arealbruk vil variere frå overflata gjennom vassøyla og ned til forankring på botnen. For fiske er det sjeldan at det er anlegget i overflata som skapar problem, men fortøyingsystem og ankerfeste som representerer risiko for hefte av fiskereiskap. Dette gjeld i særleg grad ved bruk av botnreiskap og trål. Etter ny Plan- og bygningslov med heimel i § 11-11 nr. 3, kan kommunen fastsetje reglar for differensiert arealbruk mellom overflate, vassøyle og botnen. Vi ser også § 11-11 nr. 3 som høveleg å nytte i samband med planlegging for akvakultur utan anlegg i overflata, som t.d. botnkultur.

Generelt ber vi kommunen om å sette av tilstrekkelege areal som sikrar framtidig drift ved lokalitetar det allereie er etablert verksemd på. Ved eventuell vurdering av nye akvakulturområda, legg vi vekt på at viktige fiskeriinteresser skal ivaretakast. Prinsipielt meiner vi at akvakultur kan inngå som arealbrukskategori i sjøområde der akvakultur ikkje medfører reell konflikt med eit eller fleire av dei andre føremåla. I fleibruksområda, meiner vi at akvakultur bør vurderast dersom det ikkje medfører reell konflikt med eit eller fleir av dei andre arealbruksføremåla.

Omsynet til dei marine ressursområda og arealbruk i planen

Dei naturgjevne tilhøva og marine ressursane langs kysten av Norge gjev oss eit unikt fortrinn for produksjon av sjømat. Både fiskeri- og havbruksnæringa er avhengig av at dei marine ressursane og at dei vert forvalta på ein måte som gjev grunnlag for å oppretthalde og auke produksjonen. Under "Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold" driv Havforskningsinstituttet, NIVA og NGU kartlegging og verdiklassifisering av spesielle marine naturtypar og nøkkelområde for spesielle arter og bestandar i kystsona. Kartlegginga gjev god kunnskap om naturtypane og verdi, og kan nyttast som grunnlag for forvaltninga av kystsona, herunder kommunal arealplanlegging. Kartlegginga skjer iht. Direktoratet for naturforvaltning si handbok nr 19-2007 "Kartlegging av marint biologisk mangfold". Marine naturtypar og nøkkelområde vert delt inn i følgjande verdiklassar:

A: Svært viktig/nasjonalt viktig

B: Viktig/regionalt viktig

C: Lokalt viktig

Marint biologisk mangfald - data er tilgjengeleg i Naturbase under Miljødirektoratet, og gjennom kartverktøyet på Fiskeridirektoratet si heimeside.

Gyte- og oppvekstområde for kysttorsk:

Fiskeridirektoratet driv kartlegging av gyte- og oppvekstområde for fisk basert på intervju med lokalkjende kystfiskarar. Som del av kartlegging av marint biologisk mangfald, nytter Havforskningsinstituttet Fiskeridirektoratet sin data som grunnlag for verifisering av gyteområde for kysttorsk. Kysttorsken er viktig for økosystema langs kysten, og er samstundes grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgong i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen er framleis bekymringsfull, ifølgje havforskarane. Data om registrerte gyteområde og områda som til no er verifisert av Havforskningsinstituttet, finn i kartløysinga til Fiskeridirektoratet.

Ålegras:

Ålegras er botnhabitat og har stor verdi som leve- og beiteområde for ei rekkje artar, og er t.d. oppvekstområde for kysttorsk. Ålegraset er blant dei utvalde naturtypene i nasjonal kartlegging av biologisk mangfald, og er eit av dei biologiske kvalitetselementa i Vassforskrifta. Samstundes er ålegras ein trua naturtype idet utbygging og tiltak i kystsona ofte kjem i konflikt med ålegrasområda.

Generelt ber vi om at arealbruken innafor alle område kor det er registrert marine naturtypar, vert vurdert. Fortrinnsvis bør alle gyteområde, ålegrasenger og område kor det er registrert levande marine ressursar som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A- og B-områda), sikrast mot tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade. Til hovudføremålet "*Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner*", kan "*fiske*" eller "*naturområde*" nyttast som underkategori. Alle gyteområde for kysttorsk som er registrert av Fiskeridirektoratet skal primært takast inn med ein-kategori underføremål "*fiske*".

I område kor det er registrert viktige naturtypar er det høve til å legge inn omsynssone etter § 11-8 bokstav c) *sone med særleg hensyn til bevaring av naturmiljø*, eller bokstav d) *sone for båndlegging i påvente av vedtak etter annen lov, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag*. Til omsynssone kan ein fastsetje kva føresegner og retningslinjer som gjeld eller skal gjelde i medhald av andre lover for å ivareta det omsynet sona viser. Retningslinjene kan ikkje gå ut over kva som er ramma for føremålet i § 11-7. Det er heller ikkje heimel til regulering av næringsverksemd, som vert regulert gjennom den einskilde sektor sitt lovverk.

Medverknad frå næringsinteresser fiskeri og akvakultur

Det er viktig at kommunen legg til rette for medverknad frå både fiskeri- og akvakulturnæringa gjennom heile planprosessen. Desse sit med grunnleggande kunnskap om si næringsverksemd, og må få høve til å legge fram synspunkt og definere kva trong dei har for areal i dag og i framtida. Planprogram og alle høyringsframlegg som kjem i berøring med deira interesseområde skal sendast på høyring til fiskeri- og akvakulturnæringa sine interesseorganisasjonar.

Fiskeridirektoratet si kartløyving

Data om registrerte kystnære fiskeområde, løyve til å drive akvakultur og registrert marint biologisk mangfald finnast i kartløyvinga på Fiskeridirektoratet si heimeside www.fiskeridir.no. Kartløyvinga er open for alle og data om kystnære fiskeområde og godkjende akvakulturlokalitetar kan lastast ned til SOSI- og SHAPE-format.

- Kystnære fiskeridata.

Data om fiskeområde basert på intervju Fiskeridirektoratet har føreteke med lokalkjende fiskarar

- Gytefelt
- Gytefelt MB (gytefelt for torsk som er verifisert av Havforskningsinstituttet gjennom marinbiologiske undersøkingar)
- Oppvekst – beiteområde
- Fiskeplassar – aktive reiskap (område kor det vert nytta aktive reiskap som t.d. not, trål og snurrevad)
- Fiskeplassar – passive reiskap (område kor det vert nytta passive reiskap som t.d. garn, line, snøre, teine og ruse)
- Låsettingsplassar (område som vert nytta til oppbevaring og mellomlagring av levande fisk, i hovudsak brisling, sild, makrell og sei)
- Skjelførekost (område som har vore nytta til kommersiell hausting av skjel)
- Tareførekost (førekost av stortare, førebels berre for Troms fylke)
- Tare- haustefelt (regulerte haustefelt for tare)

- Akvakultur – godkjende lokalitetar

Godkjende lokalitetar for å drive akvakultur. Data er tematisert etter art og føremål.

- Marint biologisk mangfald

Data om marine naturtypar registrert i Naturbase som del av "Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold".

Med helsing

Kari Morvik
fungerende seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Radøy kommune	Krossvegen 8	5936	MANGER
---------------	--------------	------	--------

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
--------------------------	---------------------------------	------	--------

Hordaland Fylkeskommune	Postboks7900	5020	BERGEN
-------------------------	--------------	------	--------

Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavd elingen	6025	ÅLESUND
-----------------	--	------	---------

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
------------------	-------------	------	--------